

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 05.12.2018
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2018/661
STYRESAK: **132/18**

STYREMØTE: **11.18. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gir sin tilslutning til Utviklingsplanen og ber at planen blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Oppsummering

*Ingress med hovudbodskap, hovudpunkt og hovudkonklusjonar i saka
Oppsummering skal flettast til protokoll.*

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka oppdraget med å utarbeide regionale utviklingsplanar innan utgangen av 2018. Planane vil inngå som grunnlag for og gi innspel til den kommande revisjonen av den nasjonale helse- og sjukehusplanen.

Dei regionale planane skal ta utgangspunkt i utviklingsplanane til kvart av helseføretaka. I styringsdokumentet for 2017 gav Helse Vest følgjande bestilling til helseføretaka: «Basert på nasjonal helse- og sjukehusplan og Helse2035 skal helseføretaka innan 30. juni 2018 utarbeide utviklingsplanar for verksemda.»

Dei lokale utviklingsplanane er lagt fram for styret i eiga sak.

Kommentarar

Innhald i utviklingsplanen

Rettleiar for og definisjon på utviklingsplanar


Helse- og omsorgsdepartementet ønskjer at utviklingsplanane for alle helseføretaka har ei lik utforming. Det er derfor utarbeidd ein rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar. Rettleiaren gir følgjande definisjon på kva ein utviklingsplan er:

Ein utviklingsplan er ein plan for korleis eit helseføretak vil utvikle si verksemd for å møte framtidig behov for helsetenester. Utviklingsplanen er ein samla plan som skal sørge for at underliggande planar støttar opp om eit overordna felles formål.

Ein utviklingsplan skal peike på ønska utviklingsretning for sjukehusa i helseføretaket og kva tiltak som er nødvendige for å møte utfordringar i framtida.

Rettleiaren seier at utviklingsplanane skal spegle det regionale helseføretaket sitt samla ansvar for spesialisthelsetenester, og at planane mellom anna skal understøtte ei effektiv utnytting av dei samla ressursane. Vidare seier rettleiaren at strategiske og overordna føringar skal liggje til grunn for val av «utviklingsretning for verksemda», og at mål og tiltak bør ha ein planhorisonten på fire og 10-15 år.

Forholdet mellom strategien, utviklingsplanen og andre føringar er illustrert i figuren under.



Figur 1: Forholdet mellom strategien, utviklingsplanen og andre føringar

Strukturen på og innhald i utviklingsplanane i Helse Vest

Rettleiaren for arbeidet med utviklingsplanar gir ei anbefaling om struktur og innhald¹. Samtidig er det gitt høve til å tilpasse formatet. Utviklingsplanane til dei lokale føretaka følgjer for det meste hovudstrukturen frå rettleiaren, men dei har òg nytta høvet til å gjere tilpassingar for å spegle situasjon i sitt eige føretak. Strukturen i planane til føretaka er derfor ikkje heilt like.

Helse Vest har hatt som mål å utarbeide ein konkret, oversiktig og lettlest plan, med bakgrunn i Helse2035, dei lokale utviklingsplanane og andre retningsgivande planar. Den regionale utviklingsplanen gir ei samla og overordna oversikt, og bidrar til operasjonaliseringa av strategien gjennom konkrete tiltak. Helse Vest har følgd linjene frå både den nasjonale rettleiaren for arbeid med utviklingsplanar og Helse2035-strategien. Det er lagt opp til at utviklingsplanen skal ha få gjentakingar og eit tilstrekkeleg omfang.

Ein plan på regionalt nivå må vere tilpassa mandatet og rollen til det regionale helseføretaket. Han kan derfor ikkje gjenta alle detaljar frå underliggjande planar. Det bør vere ein aggregert

¹ For heile rettleiaren, sjå: <http://sjukehusbygg.no/wp-content/uploads/2014/10/Veileder-for-arbeidet-med-utviklingsplaner-2016.pdf>

plan med eit regionperspektiv, og gi tydeleg retning for den vidare utviklinga. Tiltaksplanen konkretiserer òg regionale tiltak på kortare og lengre sikt.

Helse Vest sin utviklingsplan byggjer vidare på dei fire hovudtemaa frå Helse2035-strategien:

- Pasienten si helseteneste – om møtet mellom pasienten og tenesta, og å sjå helsetenesta frå pasienten sin ståstad
- Eitt helsevesen – om samhandling mellom dei ulike aktørane i helsetenesta, og korleis dei kan samhandle betre gjennom blant anna organisering, avtalar, informasjonsflyt og fordeling av ansvar
- Utvikling av helsetenestene – om utvikling og betre ressursbruk i eit teknologi- og innovasjonsperspektiv
- Medarbeidaren, leiing og organisering – om våre viktigaste ressursar for å yte og utvikle pasienten si helseteneste

Kvart hovudtema har likt oppsett og inneheld både skildringar, strategiske mål og risiko- og moglegheitsområde. Tiltaksplanen frå Helse2035-strategien er ført vidare, men gjennomføringa av tiltaka er harmonisert med resten av den regionale porteføljen og framdrifta for tiltaka er oppdatert. To nye tiltak, om samarbeid med private ideelle og berekraft, er lagde til.

Prosess og høyring


Prosess og organisering av prosjektet

Arbeidet med den regionale utviklingsplanen er ei vidareføring av arbeidsprosessane for den regionale strategien og dei lokale utviklingsplanane. Strategiprosessen som leia fram til Helse2035 var ein omfattande og grundig prosess med brei involvering. Over 500 personar frå både helseføretaka og andre aktørar i helsetenesta fekk kome med innspel. I sum kom det inn over 1600 innspel.

Dei lokale helseføretaka har òg gjennomført omfattande prosessar, med tanke på intern og ekstern forankring og involvering i arbeidet med utviklingsplanane. Prosessane er skildra i kvar enkelt plan.

Sjølv om dei føregåande prosessane ha vore grundige og prosjektperioden har vore relativt kort, har arbeidet med den regionale utviklingsplanen òg blitt gjennomført med brei involvering, forankring og høyring. Brukarutval, tillitsvalde, verneombod og HF-a med fleire har vore involverte gjennom hausten. Arbeidet har òg blitt kommunisert eksternt, informasjon har vore tilgjengeleg på nettstaden til Helse Vest, og det har vore mogleg å kome med innspel gjennom heile prosessen.

Prosjektet har blitt leia av eigardirektør og gjennomført av interne ressursa med ekstern bistand.



Figur 2: Prosess, aktivitetar og leveranser frå arbeid med strategi, utviklingsplan og tiltak i Helse Vest

Høyring og innspel frå høyringsrunden

Helse Vest har hatt utviklingsplanen ute på ei brei høyringsrunde. Høyringa har vore open for alle, men aktørar som Helse Vest samarbeider med har fått ein eigen invitasjon til å komme med innspel. Totalt har Helse Vest motteke 36 høyringssvar. Hovudinstrykka kan summerast opp slik:

- Dei fleste meiner at planen er god eller at han er eit godt utgangspunkt for å arbeide vidare med.
- Utviklingsplanen med tilhøyrande tiltaksplan omtalast som god og formålstenleg, den viser retning og har ein god struktur og eit godt språk.

I tillegg til dette kommer er det ein rekke innspel, kommentarar eller forbetningsforslag til planen og det vidare arbeidet. Desse kan summerast opp slik:

- Private ideelle peikar på deira betyding og posisjon i Helse Vest, og ønskjer å kome tydelegare fram i planen. Fleire ber òg om ein plan for korleis Helse Vest skal utvide satsinga på private ideelle aktørar, og framhevar at dei ikkje skal vere likestilte med andre private aktørar.

- Avtalar med og oppfølging av samhandlingspartar, private som offentlege, er eit tema i fleire av høyringssvara.
- Interesseorganisasjonar framhevar deira ståstad, og peikar på behov for meir kompetanse og betre tenester innan sine felt.
- Fagforeiningane spelar inn at sjukehusa må bli betre på kompetanseutvikling, rekruttering og fagutvikling.
- Sjukehus i nettverk, funksjonsfordeling og omtale av eige føretak er eit sentralt tema.
- Kommunane gir i stor grad positive tilbakemeldingar, og ønskjer å vere med på planlegging og gjennomføring av tiltaka frå eit tidleg tidspunkt. Dei er samtidig usikre på korleis utviklinga vil påverke dei og korleis samarbeidet skal gå føre seg.
- Brukarutval og privatpersonar peiker på korleis tenestene kan bli betre ut frå eit pasient- og brukarperspektiv.
- Det kan sjå ut som om nokre av høyringspartane ikkje har sett den fullverdige tiltaksplanen som er tilgjengeleg på nettstaden til Helse Vest, sjølv om denne er nemnt i utviklingsplanen (utviklingsplanen sin tiltaksdel er ein kortversjon av tiltaksplanen). Høyringsinnspela har dermed ikkje tatt høgde for dei meir detaljerte skildringane av tiltaka i tiltaksplanen.

Alle høyringssvara og forslaga er gjennomgått og vurdert opp mot utviklingsplanen. Ei oversikt overhøyringsinnspela og våre kommentarar går fram av vedlegg 2.

Neste steg

Den vidare oppfølginga av strategien og utviklingsplanen på regionalt nivå skjer gjennom etablerte styringsstrukturar og regionale program, og ved gjennomføring av tiltaka i tiltaksplanen. Fleire av tiltaka krev ein betydeleg innsats i 2019 for å bli gjennomført i tråd med den skisserte tidslinja.

Samhandlinga med kommunane og andre eksterne aktørar er viktig for gjennomføringa av fleire av tiltaka i tiltaksplanen. Kommunane er omtalt som “involvert aktør” i heile 13 av dei 18 tiltaka. Det er derfor nødvendig å få på plass ein god struktur for samarbeidet om dei regionale tiltaka med dei eksterne aktørane.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret gir sin tilslutning til den regionale utviklingsplanen. Det vil bli lagt opp til at styret årleg blir gitt ein orientering om framdrift i tiltaka.

Vedlegg:

1. Regional utviklingsplan Helse Vest 2019 – 2035
2. Oversikt over høyringsinnspel